

Årsrapport – Hovudstyret

Innleiing

2022 har vore eit godt år for idrettslaget. På landsnivå rapporteres det om nedgang i aktivitet gjennom og i etterkant av koronapandemien. I Ølen IL har det vore god aktivitet, med rekordpåmelding i antal lag i fotball, god aktivitet i handball og svømming. Samt at nye grupper (basketball og sykling) har blitt starta opp.

Det er stort engasjement og mange som møter opp for å sjå fotball- og handball-laga spele kamp. Det bidrar til ei levande bygd, og til rekruttering og har blitt ein god samlingsstad for mange ungdommar.

Idrettslaget anser det som ein risiko for at kommunen legg ned svømmebasseneget i Ølen. Svømming er ein viktig del av idrettslaget. Det er derfor viktig å få kommunisert dette til politikarane direkte og gjennom idrettsrådet.

I 2022 blei det valgt inn eit nytt hovudstyre, kun vararepresentanten er med frå det forrige hovudstyret.

Fokus for hovudstyret har vært:

- Gjennomgang av medlemsregisteret
- Etablere gode rutinar («Kvalitetsklubb»-konseptet)
- Bidra til å skape meir aktivitet og integrering – to nye grupper har blitt oppretta: Basketball og Sykling

Økonomi

Resultat for 2022 vart eit overskot på kr 567,542 (2021: kr 29,985). Resultatet er kunstig høgt, då inntekter frå fotballskuklen 2021 vart ført for 2022, samt at ein del medlemskontingentar for 2021 blei betalt i 2022. Justert for dette er resultatet eit overskot på 350,000.

Det har vore god vekst i kontingentinntekter og kiosk-inntekter, samt støtteordningar.

Budsjettet for 2023 er eit driftsoverskot på kr 150,000.

Me opplever ein nedgang i panteinntekter. Det er budsjettert med ein reduksjon på ca kr 20,000 iif i år. Det kan være fleire årsaker til dette, blant anna generelt høgare prisnivå, og at folk ser større behov for å behalde panten sjøl. Samt konkurrande tilbod der ein kan levere panten i sekker på butikk i Frakkagjerdet.

Me har budsjettert med auka kiosksal (ca 20,000) og auka salg i bruktboutikken (ca 20,000).

Me jobbar også med å auke sponsorinntektene. Med auka aktivitet og stort engasjement rundt idrettslaget trur me at me at fleire kan finne det interessant å være sponsor/samarbeidspartner.

Organisering

Me opplever at idrettslaget er godt organisert. Idrettslaget har over 500 medlemmer.

Det er gledeleg å sjå at handballgruppa har fått inn nye yngre krefter i styret..

Fotballstyret blir for tida leia av leiar i hovudstyret. Det er ein svakheit, men me opplever til gjengjeld at det er eit solid fotballstyre med lang erfaring og god kompetanse.

Gruppene samarbeider bra, men dette er noko ein ønsker å jobbe vidare med framover, slik at skillene mellom gruppene blir mindre.

Nye initiativ har blitt satt i gong – sykling og basket. Sykkelgruppa er godt organisert med ei fin blanding av erfaring, engasjement og kompetanse. Men per i dag kun menn.

Svømmegruppa fungerer fint. Men idrettslaget fryktar for at ny svømmehall i Vats kan føre til at bassenget i Ølen blir lagt ned. Ein vil jobbe politisk og gjennom idrettsrådet for å hindre dette.

Vedlikehaldsgruppa har blitt utvida, dei vil ta diverse små og litt større prosjekter framover.

Ølen IL skal vera arrangør for Kiwi Bama fotballcupen for 6-12 år. Den blir arrangert i slutten av september. Ein eigen arrangementskomité er oppretta.

Ein ønsker å få på plass ein eigen leiar for basketgruppa på Årsmøtet.

Det er elles god kjønnsbalanse i styrer og verv, men få av utanlandsk opprinnelse.

Aktivitet

Det har vært svært god aktivitet i 2022. Generelt i landet har det vært stor nedgang i aktivitet/medlemmer. Ølen IL har opplevd det motsette. Det trur me er på grunn av god jobbing på alle plan, blant anna kvalitetsklubbarbeidet i fotball, og ikkje minst dyktige trenarar og lagleiarar.

Basket er eit nytt tilbod idrettslaget har hatt. Det har vært innom over 50 stk på treningar.

Utover gruppene sin aktivitet, arranger Ølen IL padletennis-turneringa Ølen Open. Den hadde ca 20 par som deltok, som spelte frå 5 til 8 kampar kvar. Me vil arrangere både vår- og haustturnering i 2023.

Inkludering og integrering

Me opplever at det jobbes godt med «flest mogleg – lengst mogleg» som prinsipp. Basketball har vært eit nytt tilbud som har vært positivt ift integrering, med stor andel innflytтарar som deltar, både på trenar og utøvar-sida.

Basket-tilbodet har gjort at me har fått fleire med utanlands opprinnning til å delta i drettslaget, både på utøver og trenar-sida.

Hovudstyret jobbar vidare med arbeidet for å få til god integrering av eit voksende antal innflytтарar.

Samarbeid med andre klubbar

Ølen IL har tidlegare ikkje hatt fotballag for jenter 12/13 års alderen. Desse har gått til Vindafjord IL som ein del av ein avtale der gutane frå Vindafjord IL har gått til Ølen IL. Dette har ført til at jentene har fått glipp av muligheten til å hospitere med gutter, og mellom jenter 11/12 års lag, samt at ein ikkje har fått til tilsvarande samarbeid som gutane har hatt med Lundeneset Vidaregående skule.

Ølen IL har bestemt å tilby eigne jentelag, og ikkje fornye ut av avtalen med Vindafjord. Det var eit forsøk på å få til ein klubbsamarbeid med Vindafjord og Etne (på jentesida) og Vindafjord på guttesida. Etter fleire rundar og møter konkluderte Ølen IL med at dette ikkje vil være ein god avtale for medlemmen våre, då me ikkje var godt nok samkjørte på korleis ein ville leie fotballgruppa.

Det har vore krevjande å kommunisere på ein god måte prosessen rundt endringane. Me har hatt to informasjonsmøter åpent for alle medlemmer, samt brukte sosiale media. Ut over våre eigne medlemmer opplever me ikkje at andre har forstått kvifor Ølen IL valte avslutta eksisterande samarbeid og heller ikkje ønskte å gå inn på ny samarbeidsmodell.

Anleggsprosjekter

Ny fotballbane

- Rapport frå siste grunnundersøkelsar er venta i mai. Håper å kunne gå i gang med anbodsarbeid på våren og sette i gang på hausten. Det er ein optimistisk plan. Dersom meir arbeid er nødvendig pga kvikkleire-funn, er det ikkje realistisk å komme i gong i haust.
- Det arbeides med finsansieringa, og fleire søknader er sendt.
- Endeleg finansieringsplan vil bli lagt fram i etterkant av rapportane frå grunnundersøkingane

Streetbasket

- Stativ/korg er kjøpt inn. Blir satt opp til våren. Markering av bane rett i etterkant

Idrettshall

- Me avventer Fylket ift kva dei ønsker og korleis dei kan bidra. Lite respons etter møte i oktober, til trass for gjentatte purringar.